



Andreas Hundvin
Audenbølveien 3
1408 Kråkstad

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8854 - 22/97483

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
22.12.2022

Innvilga konsesjon for overtaking av eigedom - gbnr 97/2 Løtveit

Administrativt vedtak: Saknr: 1464/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Andreas Hundvin for overtaking av gbnr 97/ 2 på Løtveit i Alver. Den avtala kjøpesummen er på kr. 750 000.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga over.

Vedtaket vert sendt over til avdeling for kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Søkjarane vil få melding når dette er gjort

Saka gjeld

Andreas Hundvin søker konsesjon for overtaking av gbnr 97/2 på Løtveit i Alver. Tidlegare eigar er Tor Hildre. Den avtala kjøpesummen er kr 750 000.


Føremålet med kjøpet er å driva grasproduksjon på dyrka mark, utnytta beiteressursane med sau, skjøtta skogen og henta ut ved/tømmer. Garden har lege brakk ein del år.

Søkjar bur i dag på Kråkstad, men har planar om å flytta heim sommaren 2023 og starta med husdyr. Han er utdanna agronom, vakse opp på gard og kona som har same bakgrunn er under utdanning som produksjonsveterinær. Søkjar eig gbnr 56/9 i Alver.

Fakta om bruket

Planstatus: Konsesjonsbruket ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde)

Gardskart Nibio syner at bruket er registrert med 3,3 daa fulldyrka, 9,8 daa overflatedyrka jord og 7,5 daa innmarksbeite, 27,2 daa produktiv skog, 5,4 daa er anna markslag og 0,3 daa er bebygd/samferdsel. Sum eigedom 53,5 daa.



I tillegg har bruket del av felles utmark som består av 448 daa produktiv skog, 227 daa anna markslag, 5,6 daa er bebygd/samferdsel. Sum 680 daa. Bruket har del av hjortevald.

Bruket har bustadhus og driftsbygning bygd om lag 1900, i svært dårleg stand.

Det ligg føre landbrukstakst for eigedomen.

Figur 1 Kart som viser 97/2 eigd areal med rosa line og raud strek viser fellesareal utmark

Saka vert handsama og avgjort etter delegert mynde frå rådmannen. Konesjjon skal gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå.

VURDERING:

Søknaden er vurdert i høve til konsesjonslova og rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

Konsesjonslova § 1 har som føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom, og omsynet til busetjinga.

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggjast særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søkjar:

1. om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling
Det går fram av rundskriv M1/2021 frå Landbruks- og matdepartementet at bebygde landbrukseigedomar som har mindre enn 35 daa fulldyrka eller overflatedyrka jord og skal nyttast til landbruksføremål ikkje skal pris vurderast. Denne eigedomen fell inn under dette.

2. om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i området
Eigedomen er konsesjonspliktig fordi den er over 100 daa. Den har mindre enn 35 daa fulldyrka og overflatedyrka, og er difor ein eigedom som ikkje har lovbestemt buplikt. I tråd med gjeldande forvaltningspraksis vert det ikkje sett vilkår om buplikt.

Å styrke ressursgrunnlaget på landbrukseigedomar i aktiv drift, vil også vere ein måte å til gode sjå omsynet til busetjinga i området, ved at driftstilhøva blir betra. Det kan bidra til at det vert meir interessant for den eller dei som skal flytta til eigedomen å bli verande der. Søknaden vil soleis bidra til busetjinga i området. Kommunedirektøren syns det er positivt at familien vil flytta tilbake til Alver og starta gardsdrift her.

3. om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing

Eigedomen har små jordbruksressursar, men mykje skogareal. Det er positivt at søkjar ynskjer å bruka ressursane til vidare drift både av jord- og skog. Søkjar har allereie ein landbrukseigedom i Alver som han skal flytta til og starta drift på. Dei to eigedomane ligg 3-4 km frå kvarandre og eignar seg godt til å driva saman. Etter reglane i jordlova vil fleire gards- og bruksnummer på same eigarhand verta rekna som ei driftseining. Kommunedirektøren vurderer at overtakinga vil gje ei driftsmessig god løysing.

Får 01. juli 2009 er det innført generell og varig driveplikt for jordbruksareal. Driveplikt er ei personleg og varig plikt som ikkje er knytt opp mot erverv av eigedom. Nye eigarar må innan eitt år ta stilling til om dei vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet.

Det er under arbeid nye skogbruksplanar for Alver. Kommunedirektøren vil rå til at søkjar tingar slik plan, som kan vera eit godt verktøy for å utnytta skogsressursane på eigedomen. Det vil koma krav om at skogeigarar må ha slik plan for å få lov til å levera tømmer.

<https://www.atskog.no/skogeier/skogbruksplan/skogbruksplan-i-alver/>

4. *om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen.*

Søkjar er utdanna agronom og vakse opp på gard. Kommunedirektøren vurderer han som skikka til å drive eigedomen.

5. *Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet*

Ressursane skal disponerast på ein slik måte at produksjonsevne og utnyttingsevne vert teke vare på. Bruket per preg av å ha vore ute av drift ein del år og det er difor positivt at areala kan koma i bruk att. Søkjar gjev inntrykk av å ha både interesse og kunnskap til å ivareta både produksjonsevna og kulturlandskapet på bruket. Kommunedirektøren vurderer at overtaking vil ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering vert konsesjon innvilga som omsøkt.

Regelverk

- konsesjonslova
- rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Andreas Hundvin

Audenbølveien 3

1408

Kråkstad